



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Adresseliste

Vår dato: **18 MAR 2013**

Vår ref.: NVE- 200904768-09, 201208318-04,
201208320-03, 201005969-07, 200802650-08,
201208322-04, 200804328-08, 201208324-04,
201208269-04, 201000519-07

ksk/bth, dkj og stp
Arkiv: 312

Deres dato:
Deres ref.:

Sakshandsamarar:
Brit Torill Haugen 22 95 90 89
Dag Kjellevold 22 95 94 56
Steinar Pettersen 22 95 94 03

Fleire søkjarar - Søknader om løyve til å byggje 10 småkraftverk i Flora kommune - høyring

NVE har motteke søknader frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 10 småkraftverk i Flora kommune. Søknadene skal handsamast på same tid og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ynskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla viss det er aktuelt.

Botnaelva kraftverk – Norsk Grønnkraft AS

Botnaelva kraftverk vil nytte eit fall på 320 m med inntak på kote 381 og kraftstasjon på kote 61. Det er planlagt rørgate i nedgraven/nedsprengt grøft og i dagen. Total lengde på rørgata er 1271 m. I samband med utbygginga skal Botnavatnet regulert 1 m. Det må byggast ca. 2500 m ny veg fram til kraftverket. Langs traseen vil det bli etablert ein førebels anleggsveg frå kraftverket og opp til inntaket. Middelvassføringa er 460 l/s og det er søkt om ei maksimal slukeevne på 920 l/s. Kraftverket vil ha installert effekt på 2,5 MW og skal etter planen produsere 7,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 1271 meter i elva Botnaelva. Søkjar har planar om å sleppe 22 l/s om sumaren og 18 l/s om vinteren, dette tilsvarar 5-persentilverdiane sumar og vinter.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Grønskredvatnet kraftverk – Sogn og Fjordane Energi Produksjon AS

Eit vassfall på 426 m mellom Grønskredvatnet og Storevatnet kan nyttast til kraftproduksjon gjennom bygging av Grønskredvatnet kraftverk. I samband med utbygginga skal Grønskredvatnet regulerast to m og Vatn 731 skal overførast til Grønskredvatnet. Middelvassføringa er på 1,05 m³/s og kraftverket er dimensjonert med ei slukeevne lik 133 % av middelvassføringa. Vassvegen vil bestå av bora sjakt, røyr i tunnel og nedgravne rør. Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket i Grønskredvatnet på 120 l/s frå 1. mai til 30. september og 40 l/s frå 1. oktober til 30.april, og frå dam i Vatn 731 høvesvis 60 l/s og 20 l/s. Dette tilsvarar 5-persentilverdiane sumar og vinter.

Hestedalsvatnet kraftverk – Sogn og Fjordane Energi Produksjon AS

Hestedalsvatnet kraftverk vil nytte eit fall på 191 m frå inntak på kote 288 og ned til kraftstasjon på kote 97. Kraftverket er dimensjonert med ei slukeevne lik 200 % av middelvassføringa og installasjon er planlagt til 3,8 MW. Vassvegen vil bestå av bora sjakt og røyr i tunnel. Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket til Hestedalsvatnet tilsvarande 200 l/s frå 1. mai til 30. september og 70 l/s frå 1. oktober til 30. april.

Klauva kraftverk – Klauvene Fornybar AS

Klauva kraftverk vil nytte eit fall på 403 m frå inntaket på kote 405 ned til kraftstasjonen på kote 2. Tilløpsrøyrret blir 1422 m langt, og er planlagd nedgrave. Det må byggast ein tilkomstveg til inntaket på ca. 1300 m og ein kort vegstubb til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 0,384 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,0 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,4 MW og etter planane gi ein produksjon på 9,3 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1,4 km lang elvestrekning i Klauveelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 17 l/s heile året.

Langedal kraftverk – Langedal Kraft SUS

Kraftverket vil nytte eit fall på 139 m med inntak på kote 215 og kraftstasjon på kote 76. Det er planlagt røyrgate i nedgraven/nedsprengt grøft over ei strekning på 1100 m med unntak av i ein bratt skrent der røyrgate skal liggje i dagen. Langs traseen vil det bli etablert ein førebels anleggsveg frå eksisterande lokal veg fram til inntaket. Det er planlagt ca. 300 m permanent tilkomstveg til inntaket og 450 m veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1716 l/s og det er søkt om ei maksimal slukeevne på 2574 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,0 MW og skal etter planen produsere 12,01 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 1150 meter i elva Langedalselva/Agledalselva. Søkjar har planar om å sleppe ei minstevassføring på 300 l/s om sumaren og 200 l/s om vinteren.

Litlevatnet kraftverk – Sogn og Fjordane Energi Produksjon AS

Litlevatnet kraftverket vil nytte eit fall på 80 m med inntak på kote 94 og kraftstasjon på kote 14. I samband med utbygginga skal Litlevatnet regulerast 1 m. Vassvegen vil vera bora tunnel i det øvre partiet og nedgravne rør i det nedre partiet. Eksisterande veg må rustast opp og det må byggast 160 m med førebels veg fram til dammen i utløpet av Litlevatnet. Middelvassføringa er 5,4 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 7,5 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW og skal etter planen produsere 18,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 1000 m i Norddalselva. Søkjar har planar om å sleppe ei minstevassføring på 980 l/s om sumaren og 540 l/s om vinteren, dette tilsvarar 5-persentilverdiane.

Løkkebø kraftverk – Norsk Grønnkraft AS

Løkkebø kraftverk vil nytte eit fall på 155 m frå inntaket på kote 220 ned til kraftstasjonen på kote 65. Vassvegen vil gå gjennom eit borehull på 200 m og ei nedgrave rørgate på 30 m. Det må byggast i alt 200 m ny veg til inntaket. I tillegg må eksisterande traktorveg og gardsveg rustast opp. Middelvassføringa er 0,73 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,6 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,1 MW og etter planane gi ein produksjon på 5,0 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 300 m lang elvestrekning i Løkkebøelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 99 l/s om sumaren og 23 l/s om vinteren.

Myrbærdalen kraftverk – Sogn og Fjordane Energi Produksjon AS

Kraftverket vil nytte eit fall på 168 m med inntak på kote 293 og kraftverk på kote 135. Myrbærdalsvatna skal regulerast 1 m. Vassvegen blir beståande av bora sjakt og røyr i tunnel med ei samla lengd på 880 m. Det skal byggast ny veg på 5100 m frå eksisterande veg som må rustast opp. Middelvassføringa er 1,16 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maks slukeevne på 2,32 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,1 MW og vil etter planen produsere 10,3 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 1600 m i Myrbærdalselva. Søkjar planlegg å sleppe ei minstevassføring på 0,19 m³/s om sumaren og 0,06 om vinteren, dette tilsvarar 5-persentilverdiane sumar og vinter.

Steindal kraftverk – Småkraft AS

Steindal kraftverk vil nytte fall på 112 m i sideelvene Steindalselva og Støylselva i Kleivaelva frå inntaka på kote 210 ned til kraftstasjonen på kote 98. Vassveg vil vere nedgrave rør med ei samla lengd på 3255 m. Litleelva skal etter planen overførast til Steindalselva via eit 250 m langt nedgrave rør. Det er ikkje naudsynt med bygging av nye vegar. Middelvassføringa er 2,67 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 5,35 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW og etter planane gi ein produksjon på 16,1 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring på ei totalt 5500 m, fordelt på 300 m i Kleivaelva, 1870 m i Steindalselva, 1025 m i Støylselva og 1900 m i Litleelva. Det er planlagd slipp av minstevassføring på 200 l/s om sumaren og 100 l/s om vinteren.

Øvre Agledal kraftverk – Agledal Kraft AS

Øvre Agledal kraftverk vil nytte eit fall på 133 meter frå inntaket på kote 355 og ned til kraftstasjonen på kote 222. Vassveg vil vere nedgrave rør med ei samla lengd på 1800 meter. Middelvassføringa er 1,52 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 2,65 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,8 MW og etter planane gi ein produksjon på 10,3 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring på ei totalt 2000 meter. Det er planlagd ei minstevassføring på 83 l/s heile året. Dette er lik alminneleg lågvassføring.

NVE ber kommunen leggje 2 eksemplar av søknadane ut til offentleg ettersyn fram til **21.06.13**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.


Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring, til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer. Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ynskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med NVE v/ Brit T. Haugen tlf. 22959089.




NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **21.06.13**. Det er og mogleg å sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det derfor ein fordel om det vert lagt ved eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Brit T. Haugen
overingeniør



Vedlegg: Søknader til kommunane
Kunngjøringstekst
Informasjonsark
Adresseliste
Kart

Søknader:

1. Botnaelva kraftverk
2. Grønskredvatnet kraftverk
3. Hestedalsvatnet kraftverk
4. Klauva kraftverk
5. Langedal kraftverk
6. Litledalen kraftverk
7. Løkkebø kraftverk
8. Myrbærdalen kraftverk
9. Steindal kraftverk
10. Øvre Agledal kraftverk

Adresseliste for: Bygging av ti småkraftverk i Flora kommune, Sogn og Fjordane.

Behandles etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gang i: "Firda" og "Firdaposten".

Antall søknader	Antall eksemplar	Navn/adresse
Alle	2	Flora kommune, Markegata 52, 6900 FLORØ
		Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
		Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
		Statens Vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
		Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
		Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 LEIKANGER
		Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Skulevegen 92, 6770 NORDFJORDEID
		Norges Jeger og fiskerforbund Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane rygg, 6823 SANDANE
		DNT Sogn og Fjordane, postboks 10, 6801 FØRDE
		SFE NETT AS, Bukta, 6823 SANDANE
		Bondelaget Sogn og Fjordane, Hafstadvegen 39, 6800 SANDANE
Alle	1	TBM –RV- Katarina Eftevand
Alle	1	TBD – Oddvar Indrebø
Alle	1	ER – Fredrik Arnesen
Alle	1	KN- Inderberg Siv Sannem



ORIENTERING TIL HØYRINGSPARTANE (revidert februar 2013)

Generelt

NVE er konsesjonsstyresmakt i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW) og andre vassdragstiltak. Kongen i statsråd gir løyve til større kraftutbyggingar.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve etter vassressurslova § 8.

Handsaming av søknaden fram til endeleg vedtak

NVE handsamar dei fleste av søknadane i grupper, vanlegvis etter geografisk plassering. Dette effektiviserer sakshandsaminga samstundes som høyringspartane og NVE kan sjå søknadane i samanheng.

NVE sender søknadane på høyring til kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som søknadane vedkjem. Høyringsperioden er vanlegvis tre månader for søknadar som blir handsama gruppevis, og minst seks veker for enkelt saker. Ein eventuell søknad om utsett frist må vere grunngeven. NVE ventar at høyringspartane gir fråsegn på sjølvstendig grunnlag. Vanlegvis blir det ikkje gitt løyve til søknad om utsett frist, dersom det kan forseinke sakshandsaminga.

Søklar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring. Dei som har uttalt seg i samband med høringa, blir inviterte til å delta på synfaringa. I konsesjonsvurderinga veg NVE fordelar og ulemper mot kvarandre, jf. vassressurslova § 25. Olje- og energidepartementet har som overordna politisk styresmakt gitt retningsliner for handsaming av små vasskraftverk. Desse er å finne på NVE sin nettstad: nve.no.

Dersom NVE gir løyve, blir det knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkår vil omfatte mellom anna vasslepp, naturforvaltning, kulturminne, frist for bygging og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.

Kva forventar NVE av høyringspartane?

NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Fråsegner om energipolitikken til styresmaktene på eit generelt grunnlag, er av avgrensa nytte i sakshandsaminga.

Særleg der søknader blir handsama i grupper, ønskjer NVE synspunkt på den samla belastninga.

Dersom partane er kjend med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden, ønskjer NVE opplysningar om det.

Det blir forventa at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Fråsegnene, opplysningane i søknaden og retningslinene frå Olje- og energidepartementet er viktige for vurderinga og vedtaket til NVE.

Rett til motsegn og klage

Ein treng ikkje handsama energianlegg etter plan- og bygningslova, og det er ikkje lenger krav om reguleringsplan. For å ta vare på meininga bak motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova, er det gitt reglar i energi- og vassdragslovgjevinga om rett til motsegn og klage, jf. vassressurslova § 24. NVE vil understreke at ei eventuell motsegn må bli fremja i høyringsperioden. Sjå nettstaden vår for meir informasjon: nve.no/konsesjoner.

Partane kan klage på NVE sitt vedtak til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt dei mottok orientering om vedtak. NVE syner til kapittel VI i forvaltningslova om klage og omgjerding.